



Gjermond Fredheim tek no fatt på siste året ved Griegakademiet.

Den svært lovande gitaristen Gjermond Fredheim (25), som er frå Uskedalen, er no klar for det siste året sitt på Griegakademiet i Bergen der han studerar klassisk gitar/utøvande musikk.

Før har han teke bachelorgraden same stad, der han gjekk ut med karakteren A i både hovudinstrument og akkompagnement. Han har og førstepris frå ungdommens musikkmeisterskap i 2004. Gjermond har no søkt om Kvinnherad kommune sitt kulturstipend for 2007 fordi det kan hjelpe han til å bli ein enda betre gitarist og musikar og gjera han betre rusta for musikartilværet etter endt skulegong.

Han vil nytta stipendet til reising i samband med å ta timar, halda konsertar og delta i konkurransar. Han har til dømes vore i Tsjekkia og England for å ta gitartimar og han har reist litt med ein gitarduo og halde konsertar, mellom anna i kyrkja her i Uskedalen. Men å ha høve til å spela konsertar på andre stader enn på heimplassen er nødvendig, både for erfaringa sin del og for å nå fram til eit større publikum.

Gjermund kan også tenkje seg å bruka pengar på mikrofon og forsterkar berekna for akustiske instrument slik at han kan opptre på stader der akustikken ikkje er like god som i ei kyrkje.

- Å gje eit bidrag tilbake til Kvinnherad er berre kjekt. Eg opptrer her i kommunen kvart år, enten på konsertar i eigen regi eller på andre sine arrangement, skriv han i stipendsøknaden sin.

Av Ola Matti Mathisen